

Ole Martin Brudevoll

Norddalsvegen 172

6140 Syvde

31.10.2022

NVE

Att; Marthe Cecilie Pramli

Postboks 5091 Majorstuen, 0301 Oslo

### **Uttale til høring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommunar, Møre og Romsdal**

Underteikna ynskjer å kome med følgjande innspel til revisjon av vilkår for Åmelavassdraget. Innspela er i all hovudsak retta konkret mot det som gjeld Norddalselva i Vanylven kommune.

Det er først og fremst positivt at Tussa ynskjer å gjennomføre habitattiltak i nedre del av anadrom strekning (vedlegg 11). Tiltaka vil isolert sett kunne betre forholda for laksen på strekninga, men bør karakteriserast som lite ambisiøse med tanke på dei utfordringane kraftutbygginga har medført for livet i elva. Utover denne typen habitattiltak og krav om minstevassføring, bør det etablerast fisketrappar også i Norddalselva. På denne måten vil ein blant anna kunne eliminere Sarpen som vandringshinder og såleis leggje til rette for at laksen både kan gyte og bevege seg i eit langt større område. Dette er løysingar som også SWECO påpeikar i sin rapport.

SWECO skriv følgjande i rapporten «Norddalselva – Tilstand for anadrom fisk» (vedlegg 10):

«Fylkesmannen i Møre og Romsdal har mottatt henvendelse fra lokale med forslag om å etablere en fisketrapp ved Sarpen, for å tilgjengeliggjøre arealer lenger opp i vassdraget. Dette kan åpne for et vesentlig større areal for laks i Norddalselva. Under feltarbeidet ble område oppstrøms Sarpen ikke vektlagt i stor grad ut over lokalitetene der det ble fisket, men basert på flyfoto og kart vil topografien i elva vil åpne for flere gyte og oppvekstarealer for laksyngel.» (s. 17)

SWECO er utover dette tydelege på at «tilgjengelig gyteareal i Norddalselva ansees som den største flaskehalsen» (s. 20). Etablering av fisketrapp vil difor kunne vere ei føremålstenleg løysing på utfordringane i elva. På denne måten vil ein kunne leggje til rette for å ta i bruk meir av elva sitt fulle potensiale og såleis igjen oppnå ein tilfredsstillande situasjon for livet i elva.



Ole Martin Brudevoll